



Arkivnr: 2016/943-21

Saksbehandlar: Matti Torgersen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saksnr	Møtedato
Miljø- og samferdselsutvalet		07.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017

## Oppstart av interkommunal plan etter Plan- og bygningslova § 9-1 1. ledd for innkorting av ferjesambandet Stord-Kvinnherad

### Samandrag

Fylkesutvalet vedtok i februar 2017 om å setje i gang ein regional planprosess saman med Stord og Kvinnherad kommunar for innkorting av ferjesambandet mellom dei to kommunane, under føresetnad av at dei to kommunane slutta seg til dette. Stord kommune har i vedtak ønska at planarbeidet i staden for skal gjennomførast som ein interkommunal plan. Etter det fylkesrådmannen kjenner til, har Kvinnherad kommune ingen innvendingar til dette.

Fylkesrådmannen føreslår ut i frå dette at det vert sett i gang arbeid med å utarbeide planprogram for ein interkommunal plan på kommunedelplannivå mellom dei to kommunane. Fylkeskommunen vil som tiltakshavar leie planarbeidet. For å sikre politisk forankring, bør det etter fylkesrådmannen si meining bli oppretta ei politisk referansegruppe for arbeidet.

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til at det blir utarbeidd ein interkommunal plan etter pbl §9-1 1. ledd for innkorting av ferjesambandet Stord-Kvinnherad der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte.
2. Fylkesutvalet utnemnar ..... til leiar og ..... som medlem av politisk referansegruppe for planarbeidet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 23.08.2017**

## Bakgrunn

Fylkesutvalet gjorde m.a. slikt vedtak 22. februar i sluttrapport om ferjestø ved Djupavikneset, Stord kommune (PS-sak 29/2017):

*Fylkesutvalet ønskjer å setje i gang ein planprosess saman med kommunane Stord og Kvinnherad for framtidig ferjesamband mellom dei to kommunane der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte. Om kommunane sluttar seg til dette, kan planen bli utarbeidd som regional plan etter Plan- og bygningslova § 8-1.*

På grunnlag av vedtaket vart det sendt brev til dei to kommunane datert 13. mars 2017, der dei blei bedne om å ta stilling til framlegget om å utarbeide ein regional plan for sambandet.

Etter brevet om vedtak i fylkesutvalet, har fylkesrådmannen gjennomført ein dialog med dei to kommunane på administrativt nivå.

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak med framlegg til vidare planprosess for innkorting av ferjesambandet Stord-Kvinnherad

### Vedtak i kommunane

Stord kommunestyre gjorde slikt vedtak 20 april (jf. referatsak 103/2017 i fylkesutvalet 24. august «*Ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Svar på spørsmål i fylkesutvalet 22. juni 2017*» Lenkje: [RS-sak 103/2017](#)):

*«Kommunestyret tek forprosjekt for ferjestø Djupavikneset til vitande og ser denne lokaliteten som uaktuell for nytt ferjestø for sambandet mellom Stord og Kvinnherad.*

*Kommunestyret ser utfordringar for Sunnhordlandsregionen framover gitt m.a. endringane i kommune- og fylkesstruktur. Ein må i endå sterkare grad vektleggje tiltak som kan binde regionen tettare saman og styrka samarbeidet mellom kommunar og næringsliv. På sikt vil eitt tiltak vera at kommunane jobbar saman for fastlandssamband mellom Kvinnherad og E39.*

*Kommunestyret vil delta i ein planprosess for framtidig ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte.*

*Kommunestyret viser likevel til føringane i tidlegare vedtak i saka om ikkje å ta i bruk ny, uberørt strandsone til føremålet.*

*Kommunestyret peiker på at det i første rekkje er alternativ på Kvinnheradsida som ikkje er utgreidde for ferjesambandet Stord-Kvinnherad. Kommunestyret meiner at alternativ nærare Husnes må vurderast. Berre ei innkorting av den samla reisetida mellom senter i kommunane kan etter kommunestyret sitt syn forsvare å på ny vurdere nytt ferjestø på Stord-sida.*

*Ein vidare planprosess bør setjast i gong som ein interkommunal planprosess. Tidsaspektet er avgjerande for valet. Planarbeidet må ta opp i seg dette:*

- Kortare overfartstid
- Redusert samla reisetid mellom Leirvik og Husnes
- Frekvens
- Finansiering

*Det må vera eit vilkår at det er vilje til å finansiera eitt til to nye ferjestø med tilførselsvegar. Stord kommunestyre ser det ikkje som aktuelt å finansiera utbygginga med bompengar.»*

Kvinnherad kommune har i dialogen med fylkeskommunen vist til tidlegare vedtak om oppstart av planarbeid der det vert sett på begge sider av fjorden utan avgrensing.

## Bruk at statleg plan

I samband med utarbeiding av statleg kommunedelplan for E39 Stord-Os, sendte ordførar i Kvinnherad kommune eit brev til kommunal- og moderniseringsministeren der han bad om at departementet tek i bruk statleg plan for å regulere inn ny tilkopling for Kvinnherad til ny E39. Departementet skreiv m.a. følgjande i brev datert 25. april 2017(Lenkje: [brev kmd](#)):

*Ettersom tiltak på ferjestrekninga no ligg under fylkeskommunens ansvarsområde, er det viktig for departementet å kjenne til fylkeskommunens vurderingar, for å kunne vurdere initiativet frå Kvinnherad kommune på ein god måte. Departementet ber difor om fylkeskommunens vurdering av denne saka, samt syn på behov for å nytte statleg plan for å finne ei løysning.*

## Om interkommunal plan

Av Plan- og bygningslova § 9-1 1. ledd går det fram at to eller fleire kommunar bør samarbeide om planlegging når det er hensiktsmessig å samordne planlegginga over kommunegrensar. Samarbeidet kan omfatte alle kommunale plantypar. Regional planstyresmakt (dvs. fylkeskommunen) kan anmode kommunane om å innleie eit slikt samarbeid når det vert sett som nødvendig for å ivareta omsyn og oppgåver som går ut over den enkelte kommune.

I § 4-1 i plan- og bygningslova vert det fastslått at alle regionale planar og kommuneplanar, og for reguleringsplaner som kan få vesentlege verknad for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet.

Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegget for medvirkning, spesielt i høve til grupper som vert særleg berørt, kva alternativ som vil bli vurdert og behovet for utgreiingar. Planarbeidet vil utløyse kravet om konsekvensutgreiing.

## Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen erfarer at det no er ein god og positiv dialog mellom dei to kommunane politisk og administrativt, og at det er eit stort ønskje om å finne ei løysing på innkorting av sambandet.

Fylkeskommunen er som tiltakshavar for sambandet og som ansvarleg for regional utvikling i fylket, i førarsetet for arbeidet. No som kommunane ser ut til å vere samde om å planleggje samarbeidet som interkommunal plan, ser fylkesrådmannen ikkje behov for å utarbeide planen som ein regional plan.

Framlegg til planprogram skal sendast på høyring og offentlig ettersyn normalt samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet vert vedteke og fastsett av planstyresmakten som i dette tilfellet er Stord kommune og Kvinnherad kommune. Høyringa av planprogrammet vil avklare om det er grunnlag for å gå vidare med planarbeidet.

Det er viktig med ein god politisk forankring i planarbeidet. I den pågåande administrative dialogen mellom fylkeskommunen og dei to kommunane er det semje om å føreslå ein administrativ plangruppe og ein politisk referansegruppe for arbeidet med planprogrammet. I samråd med kommunane tilrår fylkesrådmannen at den politiske referansegruppa vert samansett av to representantar kvar frå fylkeskommunen og dei to kommunane Stord og Kvinnherad. Den politiske referansegruppa vert leia av Hordaland fylkeskommune.

Det bør takast sikte på at planprogrammet kjem på høyring i løpet av første halvår 2018 som grunnlag for det vidare arbeidet med kommunedelplan med konsekvensutgreiing.

Fylkesrådmannen viser til nemnte brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 25. april 2017 med spørsmål om fylkeskommunen sitt syn på behovet for å nytte statleg plan for å finne ei løysing. Fylkesrådmannen meiner det vil vere særst uheldig å nytte statleg plan før ein har prøvd alle utveggar for å finne ei løysing på lokalt og regionalt nivå. Om det visar seg at ein ikkje lukkast med å finne ei løysing på innkorting av ferjesambandet i ein interkommunal planprosess, bør andre planformar bli vurderte. Aktuelle alternativ for planlegging av eit innkorta samband kan i så fall vere regional plan eller at ein anmodar staten om å utarbeide ein statleg reguleringsplan.